

Gode kollegar!

Siste!

ALIS portalen Helse Vest

Utmerka portal for leger i spesialisering som treng sjukehuspraksis. Her kan ein bl.a. legge inn ynskje og få opp varsel når noko blir ledig. Tung involvering her frå Helse Førde ved Kristin Breivik, overlege ved Nevrologisk avdeling og utdanningskoordinerende OL.

<https://alis-i-sykehus.ihelse.net/>

[Video om ALIS-portalen Helse Vest](#)

Bytte av laboratorieinformasjonssystem ved Laboratorium for medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)

LMBB i Helse Førde byter helga 12-13. mars 2022 laboratorieinformasjonssystem. Ein del av analysane vil i den forbindelse endre namn som følgje av at alle laboratoria i Helse Vest skal bruke same analysekodeverk. Oppdatert kodeverk vil vere tilgjengeleg frå 12.mars.

Rekvisisjonar som er oppretta før 12.mars vil bli avvist når dei blir sendt til LMBB. Vi ber difor om at det etter denne datoen blir bestilt nye rekvisisjonar.

OBS! Programvare for elektronisk samhandling, som td. Dips Communicator, må vere starta og innlogga i helga.

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/197>

Erfaringskonferanse innan psykisk helse og rusarbeid

Hald av datoane 11. og 12. mai 2022 – Thon Hotell, Skei.

Programkomiteen skriv: «Etter 2 år med pandemi er vi endeleg klare med første erfaringskonferanse for psykisk helse og rusarbeid i kommunane og Helse Førde. Erfaringskonferansen har som målsetting å sette søkelys på dei viktige områda som helsefelleskapet skal samarbeide endå tettare rundt i åra framover.»

[Erfaringskonferanse innan psykisk helse og rusarbeid.pdf](#)

Prosedyre Sotrovimab - nyttast til å hindre utvikling av alvorlige forløp ved Covid-19 hos pasientar i risikogruppe

Fagdirektør i Helse Førde, Asle Kjølraug skriv i ein epost til PKO: "Helse Førde har tilgjengelig ei begrensa mengde av medikamentet Sotrovimab som skal nyttast til å hindre utvikling av alvorlige forløp ved Covid-19 hos pasientar i risikogruppe. Behandlingen må gis tidlig i sjukdomsforløpet. Fastlege/legevakt kan kontakte Helse Førde for vurdering av om ein pasient er kandidat til behandlinga. Sjå vedlagt prosedyre. Ber om at prosedyren blir gjord kjent blant fastlegar/legevakt." [Prosedyre for organisering av Sotrovimab.pdf](#)

Ukrainske borgarar med opphold i vårt nærrområde som treng transport til behandling.

Avdelingssjef Trude Njøs Helgås skriv i ein epost til PKO: "Vi har ikkje fått retningslinjer for korleis vi ev. skal handtere transport av borgarar frå Ukraina. Inntil vidare ber vi difor om at det i desse tilfella blir skrive raud rekvisisjon og merke den med «Ukraina». Ber om at dette blir informert vidare til den det måtte gjelde".

Minner om emnekurset i ortopedi for allmennlegar –15 timar - i Helse Førde-området.

Nærmast seg påmeldingsfrist 13.03.22.

Emnekurset som er godkjent med 15 timar for allmennlegar blir arrangert i samarbeid mellom ortopedisk avdeling i Helse Førde og PKO. Det blir arrangert som eit kombinert webinar (10 timar fordelt på 2 dagar) i veke 13 og eit fysisk kurs (5 timar 1 dag) i veke 14 på Eid, i Førde og i Lærdal. Legane må delta på heile kurset for å få det godkjent som emnekurs.

Webinaret blir lagra på nett og kan følgast ein periode etter kurset. Webinar sett i etterkant vil gi godkjente kurspoeng så lenge det er oppmøte på den fysiske delen.

Ingen kursavgift.

[PKO-kalender - Helse Førde \(helse-forde.no\)](#)

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Normund Svoen
Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

